LINDÅS KOMMUNE
Byggesaksavdelinga

Audun Kleppe
Nordre Knappen 25
5355 KNARREVIK

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
| --- | --- | --- |
| Dykkar: | Knut Bjørnevoll | 21.04.2016 |
| Vår: 16/1202 - 16/10903 | KBJ@lindas.kommune.no | |

# Førebels svar - trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 124/6 Kjeilegavlen

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 018.04.2016

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4.

Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

Grunngjeven **søknad om dispensasjon** frå byggeforbodet i strandsona etter plan- og bygningslova § 1-8. Den grå ystipla linja som viser i *kommunedelplan for Lindåsneset med Mongstad* mellom din eigedom og sjøen, er ikkje ei byggegrense, men det som i planføresegnene er definert som grense for *funksjonell strandsone* . Det kan brukast i grunngjevinga for dispensasjonssøknad, at tiltaket (tilbygga ligg) utanfor denne grensa. Dispensasjonsøknad skal nabovarslast. I denne saka kan vi unnta frå ekstra nabovarsling av dispensasjonssøknad, sidan alle naboane har kvittert med «samtykker til tiltaket»

Planføresegner:
http://braplan.geoweb.no/bpvedlegg/1263/Dokument/1285071096186.pdf

Plankart:
http://braplan.geoweb.no/bpvedlegg/1263/Dokument/1285142493544.pdf

Lenke til saka di i kommunen sitt innsyn (dette dokumentet vert tilgjengeleg på nett i løpet av neste veke):
http://innsyn.sing.no/Lindas/innsyn/wfinnsyn.ashx?response=arkivsak_detaljer&arkivsakid=2016001202&

Kommunen ber om at søknad om dispensasjon vert sendt inn **innan 25.05.2016**. Dersom søknaden ikkje er sendt til kommunen innan fristen , vert saka arkivert utan vidare handsaming. Når saka er arkivert utan handsaming må det sendast inn full ny søknad.

**Sakshandsamingsfrist**
Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

For søknad om dispensasjon er sakshandsamingsfristen 12 veker frå motteken søknad, minus tid for eventuell innhenting av uttale frå andre styresmakter.

**Gebyr**
Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

| | |
|---|---|
| Siril Sylta<br>avdelingsleiar | Knut Bjørnevoll<br>saksbehandlar |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**
NKF_dispensasjon

**Kopi til:**
**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Audun Kleppe | Nordre Knappen 25 | 5355 | KNARREVIK |